



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Ålesund kommune  
Postboks 1521  
6025 Ålesund

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		123837/2018/243	Kim Tornes, 71 28 03 45	15.11.2018

## Tilsegn om tilskot på inntil 3 691 000 kroner til utbygging av breiband i Ålesund kommune 2018

### Tilsegn nr. 2018-0123

#### Bakgrunn

Ålesund kommune søkte 31.05.2018 om tilskot til breibandsutbygging i fleire område av nye Ålesund kommune. Regional- og næringsutvalet behandla søknaden på møte 04.09.2018, og vedtok då å innvilge 4,5 mill. kroner (38% av totalkostnad) til breibandsutbygging på Harøya, utanom Steinshamn. I etterkant har fylkeskommunen hatt utbyggingsplanane ute på offentleg høyring for å avdekke om kommersielle aktørar har utbyggingsplaner i dei områda som det er vedtatt å støtte. I den høyringa kom det fram at Sandøy Energi ville bygge ut på Harøya, og grunnlaget for offentleg støtte fall dermed vekk.

Som resultat av dette har regional- og næringsavdelinga bestemt at tilskotet heller kan brukast til å støtte andre område som Ålesund kommune søkte støtte til. Dette gjeld område i Haram, Skodje og Ørskog, som fyller kriteria for tilskot til breibandsutbygging. Totalkostnaden er litt lågare enn i vedtaket som gjaldt Harøya, men vi held fast på 38% tilskot, og kjem då fram til dette:

#### Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort følgjande vedtak:

*Ålesund kommune får inntil 3 691 000 kroner i tilskot til breibandsutbygging i områda Haram, Skodje og Ørskog. Tilskotet er avgrensa til 38 % av totalkostnad og er gitt på vilkår av fullfinansiering.*

#### Grunnlag for vedtaket

Vi har behandla søknaden etter dei nasjonale føringane for støtte til breibandsutbygging, fylkesplanen for Møre og Romsdal og handlingsprogrammet for kompetanse og verdiskaping 2018.

Vi har godkjent dette budsjettet:

#### Godkjent kostnadsplan

Tittel	SUM
Utbyggingskostnad	9 714 720

**Godkjent finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>SUM</b>
Kommunale bidrag	2 953 220
Kommunale personinnsats	
Private egeninnsats/dugnader	400 500
Utbyggers antatte egenandel	2 670 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	3 691 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>9 714 720</b>

**Vi har godkjent disse resultatmåla:**

- Utbygging av breiband på minst 30 Mbit/s i område Hellestranda/Haram, Fylling-Hjelen/Skodje, og Skarbø-Vestre/Ørskog
- Grunnlegende tilbud til 178 husstandar

**Vilkår**

Tilsegn er ikkje gyldig før De aksepterer vilkåra. Vedlagt akseptskjema undertegnes og sendes tilbake til Møre og Romsdal fylkeskommune innan 6 veker etter at tilsegnsbrev er mottatt.

De må nemne Møre og Romsdal fylkeskommune som finansieringskjelde når de informerer om prosjektet til media, samarbeidspartnarar eller andre.

**Kontroll**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Nkom og Riksrevisjonen har høve til å kontrollere at støtta blir brukt etter føresetnadene.

**Klage**

De har rett til innsyn i saksdokumenta.

De kan klage på vedtaket innan tre veker etter at de har fått dette brevet. Send i så fall klagen til Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga, postboks 2500, 6404 Molde.

Med helsing

Eivind Vartdal Ryste  
Ass.regional- og næringssjef

Kim Tornes  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Vedlegg  
1 Akseptskjema

